



Medlem og varamedlem i Eidfjord felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-32  
Journalpostid: 22/10535

Saksh: Heidi Herstad Prestegård  
Telefon: 53 67 35 37

Arkivkode: K1-033  
Dato: 30.08.2022

## **Møtebok 30.08.22**

Stad: Møterom 2. etg. på kommunehuset.

Tid: kl. 10.00 – 11.30

Til stades: Ole-Johnny Odland, Johanna Maria Næsheim, Johanna Håbrekke, Liv Medhus, Marete Sæbø og Magnar Røise.

Underskrift møtebok: Marete og Ole-Johnny.

### **Sak 67**

Møtebok frå møtet 07.06.22 vart samrøystes godkjend.

### **Sak 68**

Rådmann Geir Underhaug, sekretær i sentrumskomiteen orienterer om status:  
- Kommunen er i gang med grunnarbeidet, og byggjetrinn 1 er no ute på anbod.  
- Planarbeidet for Kjærøyeni er i gang. Ventar på NVE si flaumkartleggjing.

### **Sak 69**

Fellesrådet må verta flinkare til å koma med innspel til kommunen i hørings-/innspelsfasen.  
- Laga oversikt over saker som fellesrådet meiner er viktig å prioritera for neste budsjettår, og senda ut til alle politiske parti i forkant av budsjettsak.

### **Sak 70**

Ole-Johnny informerer om at aktivitetsapparat er kome på plass, og at dette er for ålmenn bruk.

### **Sak 71**

Manglande vedlikehald av kommunale benkar. Dette må driftsleiar få beskjed om.

## Sak 72

- Manglande klypping av plen i Øvre Eidfjord.

- HC-parkeringsplass utanfor Coop Marked er uheldig plassert med tanke på tryggleik, og dessutan burde plassen ha vore skilta. Er også behov for ein ekstra parkeringsplass.

- Det burde ha vore kommunale toalett ved Sysendammen, både ved vegstenging/kolonne, og med tanke på turistar som vitjer sjølve Sysendammen.

- Ynskjer å gje turistkontoret attendemelding om merking av det som er ei potensielt trafikkfarleg turløype.

Grunna saker som vart drøfta på dagens møte, vert driftsleiar Thomas Hereid Eide og leiar for turistkontoret Marit Stadheim inviterte til å koma på neste møte i fellesrådet.

Eidfjord, 30.08.22

---

Marete Sæbø  
Leiar

---

Ole-Johnny Odland  
Medlem

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

Heidi Herstad Prestegård  
Sakshandsamar

Kopi til:  
Thomas Hereid Eide

Kopi til arkiv og kopibok

